



Hayden Powell platedebuterer med stil på «The Attic».

FOTO: HANS CHRISTIAN THO

Fole godt med Hayden Powell

Trompetist og komponist Hayden Powell debuterer med eiga plate, sjølvskikkert og med stil.

Som student fullførte han bachelorutdanninga med eksamenskonsert i vår, han har i mange år vore ein markant muskar på norske jazzscener og slår an tonen med ein lett røff, men krystallklar trompettone på opningslåten, med Jo Skaansars strykebass og pianist Eyolf Dale. Dette er trioen som på plata blir til sekstett med den nederlandske trommeslagaren Jasper von Hulten, saksofonisten Tore Brunborg og trombonisten Erik Johannesen. Den siste debuterte Powell saman med i kvartetten Magic Pocket, men vi er i valsetakt på «Off Guard». Den USA-fødde Powell som voks opp i Molde, meiner musikken viser kvar han kjem frå, han har komponert det meste sjølv, og saksofonfavoritten hans, Tore Brunborg, kjem inn med sin mjuke tone på den vakre songen «Secret».


Hayden Powell er alt ein merittert muskar, med på fleire plater dette året, ei med Magic Pocket og Morten Qvenild, ei med Magic Pocket og Trondheim Jazzorkester, der Powell ofte er i trompetrekka. «Jeg flørter med samtidsmusikk og minimalisme og henter inspirasjonar fra Steve Reich og Arvo Pärth», står det i presseskrevet, og resultatet er i alle fall spennande låtar. Pianist Dale har signert up tempolåten «Northern Brewer», og bassist Skaansar viser til fulle kvifor alle også vil spele med han. «The Attic» er moderne, akustisk norsk jazz av beste merke, original og - gar det an å bruke det formas-telege ordet intelligent?

Powell er i klasse med dei beste i floraen av norske trompetistar, utan å ape etter nokon av dei. Halvvegs kjem tittelsporet der pianisten slepper seg laus saman med perk og bass, og enno er det fire songar att før det tonar ut i vakker musikalsk meditasjon, med «Flue Pipe». Fole godt, som det heiter der sjefen kjem frå.

Hayden Powell har konsert på Nasjonal jazzscene i Oslo 16. september.

MYTISK BATTAGLIA

På filosofi førebuaende, som det heitte då, lærde vi Heraklits tese om du kan ikkje stige ned i den same elva to gonger. Elva står sentralt også på det nye albumet til den italienske pianisten Stefano Battaglia, som kallar det «The River of Anyder». Det er elva som flyt gjennom Thomas More's «Utopia» frå 1516. Mytiske og historiske stader av ymse slag er opphav til songtitlane på albumet, frå ein pianist vi for alvor lærde om med dobbeltalbumet «Raccolto» i 2005. Men du treng ikkje vere verken filosofisk eller historisk sprenglærd for nytte musikken til Battaglias trio, med Salvatore Maiore på bass og Roberto Dani på trommer.



Hayden Powell:
«The Attic»
Inner Ear (Musikkoperatørene)



Stefano Battaglia Trio:
«The River of Anyder»
ECM (Musikkoperatørene)



The Skopje Connection/Ernst Reijseger:
«The Skopje Connection meets Ernst Reijseger»
Losen Records (MusikkLosen)

Til ECM-katalogen til Battaglia høyrer også «Re: Pasolini», ein hyllest til den store samfunnskritiske filmskaparen Pier Paolo Pasolini (1922-1975), og duoalbumet «Pastorale». Battaglia var turnerande klassisk pianist før han gav seg improvisasjonen i vald, og med tekstar frå Francis Bacon, Arthur Rimbaud, Hildegard von Bingen som inspirasjon, har han saman med sine meritterte jazzmusikantar laga eit album der to songar tileigna det heilage fjellet Ararat er som å høyre ein nordisk folketone. Før albumet tonar vakkert ut med den stutte «Anywhere», inspirert av ein tekst av den kjende sioux-indianaren Black Elk.

CONNECTION

Gjer klar for «Skopje Connection meets Ernst Reijseger», ein tittel med noko dramatisk i seg. Det er møtet mellom ein italiensk-makedonsk trio som spelte inn si første plate i Skopje i Makedonia, og ein cellist frå Nederland som heiter Ernst Reijseger og har eit stort internasjonalt publikum, ikkje minst på grunn av måten han blandar musikk med burlesk humor på, også i selskap med norske musikantar. Skopje-sambandet er med den italienske Luca Aquino på trompet, og makedonarane Dzijan Emin og Georgi Sareski på hovesvis fransk horn/melodika og gitar, alle med internasjonal jazzbakgrunn. Saman med Reijseger blir det om ikkje dynamitt, så ei uhyre vellukka kopling mellom musikarar med ulik kulturbakgrunn. Dei har saman laga musikken til eit spennande og frodig album.



Marsalis og Clapton

Etter å ha gjort furore med Willie Nelson først med albumet «Two Men And The Blue», så med «Here We Go Again», der både Willie Nelson og Norah Jones syng Ray Charles, er turen komen til Wynton Marsalis og hans gode ven Eric Clapton. «Wynton Marsalis & Eric Clapton: Play The Blues» (Reprise/Warner) er eit forrykande møte der spelelista ikkje er Claptons songar, men klassikarar frå det amerikanske bluesdel-taet som Clapton er velkjend i, og han har valt ut alle låtane med unntak av sin eigen «Layla». Alt til eit tolv mann stort band etter mønster av King Creole Jazz Band, forsterka med Claptons gitar og eit piano, alt spela inn live i serien Jazz At The Lincoln Center for eit ekstatisk publikum, med Taj Mahal som gjest på «Just a Closer Walk With Me» og «Corrine, Corrina».

Clapton og bandet hadde kort øvingstid, men som både gitarist og vokalist på ti låtar er han i storform saman med Marsalis, på ein ny fulltreffar av eit album.



Landgren til stjernene

Trombonist og songar Nils Landgren er grossist i plater med kjende gjestemusikarar rundt sitt eige band og eit kjent repertoar. Han gjer det med stil, og «The Moon, The Stars And You» (ACT/MusikkLosen) er med kvartet og gjester som Joe Sample, Steve Gadd og Cæcilie Nordby, alt toppa med tyske NDR i Vince Mendozas arrangement på ein låt, Stockholm-filharmonien på ein annan.

ROALD HELGHEIM

